



## Statens vegvesen

Askøy kommune  
Postboks 323  
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
16/89991-4

Dykkar referanse:  
2016/6383-5

Vår dato:  
27.01.2017

### Forslag til planprogram – Rullering av kommuneplanens arealdel. Uttale

Vi viser til brev i frå Askøy kommune av 23.11.17 med forslag til planprogram og rullering av arealdelen i kommuneplanen.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesvegnettet på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging går det fram at «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

#### Intensjon med planarbeidet

Samfunnsdelen i kommuneplanen gjer det klårt at Askøy kommuneskal ha ein helsebringande arealbruk, som gjev trivsel og trygge miljø. Vidare skal det skapast attraktive sentrumsområder. Det skal vere ein konsentrert utbygging som skaper livskraftige bygdesamfunn. Når det gjeld transport skal det vektleggast klimavennlege løysingar med auka bruk av sykkel og gange. Slik det går fram av brevet frå kommunen av 23.11.16 så skal rullering av arealplanen ha særlig fokus på følgjande tema : Senterstruktur, Bustadstruktur og utbygging, næringsstruktur, teknisk og sosial infrastruktur, samt grøntstruktur.

#### Bustad og senterområder

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Askøy kommune har over ein lengre periode vore ein attraktiv tilflyttingskommune. Dette har ført til at mellom anna den sørlege delen av kommunen i dag har ein relativt stor bustad og byggjeaktivitet. Trenden ser å fortsette også i framtida. Statens vegvesen ser det som viktig at ein klarer å fortette bustadbygginga kring og i dei områda som allereie er avsett til bustad. Dette framfor å leggje ut nye større areal til bustadbygging. Med tanke på å redusere klimautslepp og fremme folkehelse vurderer vi at bustadbygging bør finne stad i areal der ulike typar servicetilbod og offentlege tenester allereie er lokalisert. Det betyr at skule, helseteneseter, butikkar og meir er innanfor gå og sykkelavstand. På søre del av Askøy vil då områder som Kleppestø, Florvåg og Strusshamn peike seg ut i denne retninga. I nordre del av øya bør ein også fortette kring senterområda, slik som til dømes på Haugland, Ravnanger og Kjerrgarden

Ved etablering av nye bustadområde må det slik som i gjeldande kommuneplan stillast krav om etablering av tilbod til mjuke trafikantar slik som gang og sykkelveg. Statens vegvesen har særleg fokus på trygg skuleveg. For at vi skal kunne stille oss positive til nye bustadområde, må desse ha fasilitetar som gjer at folk kan ta seg til skule, fritidsaktivitetar og arbeid på ein trygg måte utan å bruke bil. Det er også avgjerande at nye bustadområde vert kopla opp mot eksisterande eller framtidige kollektivnett. Vi reknar med at kommunen stiller plankrav til utbyggingsområda. Statens vegvesen ber om at ein prioriterer regulert areal til bustad, i staden for store areal med spreidd utbygging i LNF områda. Sistnemnde gjev ofte utfordringar med påkopling mot offentleg vegnett, samt manglande tilbod til mjuke trafikantar.

Fv 562 er hovudvegen på Askøy. I gjeldande kommuneplan er denne avsett med 50 meter byggjegrænse. Dei andre fylkesvegane er avsett med 30 meter. Statens vegvesen vurderer at dette er fornuftige byggjegrænser, også for framtida. Vi vurderer også at ordninga som Veglova opnar for at kommunen handsamar dispensasjonssøknadar i høve dette lovverket fungerer tilfredstillande. Når det gjeld etablering av nye bustadområde ber vi kommunen i størst mogleg grad plassere utbygginga på same sida av fylkesvegnettet som eksisterande busetnad og eventuell gang og sykkelveg. Dette vil medføre redusert trong for kryssing av fylkesvegen og dermed også betre trafikktryggleik. Busetnad på begge sider av fylkesvegen er svært uheldig, spesielt med tanke på kryssing og det store trafikkvolumet som eksisterer mange stader på øya. Nye kryssingspunkt på Fv 562 skal etablerast som planskilte kryssingar. Eventuelle nye tilkomstar på Fv 562 skal utformast som kryss.

### **Kollektivtilbod**

Askøy er framleis ein kommune der større delar av dei yrkesaktive har sin arbeidsstad utanfor kommunen. I dag skjer pendlinga via privatbilisme og kollektivtransport som buss og båt. I framtida vurderer vi vidare at det må leggest endå betre til rette for å nytte sykkel og kollektiv. Dette gjeld ikkje berre i områder som på Kleppestø, men også andre senterområder på øya, som må ha eit best mogleg sykkelnett og tilgang på kollektivreiser. Tilbodet med å bruke båt til Bergen er ein suksess og må utviklast vidare. Regional transportplan legg opp til at auka i persontrafikken for framtida skal dekkast av gange og sykkel.

### **Eldre reguleringsplanar**

Statens vegvesen vil oppfordre kommunen på å gå gjennom eldre reguleringsplanar og vurdere om desse fungerer etter intensjonen. Truleg vil omregulering eller oppheving av desse planane vere fornuftig, dersom intensjonen ikkje er innfridd.

I samband med arbeidet med områdeplanen for Kleppestø, vart det semje mellom Askøy kommune og Statens vegvesen at ein skal innarbeide i kommuneplanen sin arealdel traseen for tunnel med omsynssone. Vi ber om at denne vert lagt inni arealdelen. Dersom eventuelle andre former for framtidig infrastruktur vert vurdert til å vere ein del av arealplanen bør dei markerast på tilsvarande måte. Dette vil kunne vere Sambandet vest og eventuell ny hovudvegtrase, noko plandokumentet legg opp til.

### **Næring**

Næringsområda på Askøy er i mange tilfelle knytt opp mot eksisterande senterområder. Større næringsområder har kommunen på Storebotn, Mjølkevikvarden og på Hanøytangen. Vi vurderer at ein framover må på lik line med bustadbygging og senterområda, konsentrere utviklinga av næringsareal til eksisterande område for næring. Dette i staden for å etablere nye. På sikt må ein vurdere om det kan vere formålsteneleg med ein kollektiv infrastruktur til Storebotn med buss, når dette området vert utvikla vidare. Som eit viktig arbeidsområde vil Storebotn vere attraktivt å nå med til dømes sykkel. Frå aust er det eit manglande tilbod til gåande og syklande. Også i retning Hanøytangen vil eit slikt tilbod vere viktig. I dag eksisterer dette berre stykkjevis og delt. Framtidig utbygging i området må få krav til å bidra med miljøvennleg og trafikktrygg infrastruktur.

Plan- og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Olav Finne  
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN